

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset, møterom 2. etg
Dato: 27.04.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:30

Følgjande medlem møtte

David Charles Matheson
Ole Andrè Klausen
Kjell Kristian Carlsen
Alice Hestad Vie
Anja Grov Johnsen

Parti

AP
H
SP
SV
UAVH

Forfall meldt frå følgjande medl.

Åse Karin Helle Loftheim
Tormod Selvik

Parti

H
SP

Følgjande varamedlem møtte

Marit Klausen
Oddgunn Keilegavlen Grane

Parti

H
KRF

Møteleiar: Ole Andrè Klausen
Møtesekretær: Martin Kamprud Lundgård

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
033/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/26	Godkjenning av protokoll
035/26	Delegasjonssaker
036/26	Referatsaker
037/26	Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling formannskap 27.04.2026
038/26	Finansreglement for Askvoll kommune
039/26	Tilleggsbevilgning nytt tak Røverompa barnehage
040/26	Korrigerings - gebyr oppretting av grunneigedom og festegrunn
041/26	Sunnfjord miljøverk - Handtering av kommunalt næringsavfall og slam
042/26	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar og arealdelen av kommuneplanen til utdjuping/utviding av farlei til akvakulturanlegg på Gjørøyna i Bulandet
043/26	Klage på vedtak i sak dfor 093/25 - endring av løyve til oppføring av naust på gbnr 13/2
044/26	Klage på vedtak i sak FOR031/26 om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til oppføring av naust og utlegging av flytebrygge, gbnr. 64/47
045/26	Formannskapet si evaluering av den politiske organiseringa

033/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 033/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

034/26: Godkjenning av protokoll

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 034/26 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

035/26: Delegasjonssaker

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 035/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

036/26: Referatsaker

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 036/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

037/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling formannskap 27.04.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orientering om økonomi, innsparing og omstilling til vitande

Røysting - samrøystes

FOR- 037/26 Vedtak:

Formannskapet tek orientering om økonomi, innsparing og omstilling til vitande

038/26: Finansreglement for Askvoll kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Finansreglement for Askvoll kommune vert vedteke slik det ligg føre

27.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

FOR- 038/26 Vedtak:

Finansreglement for Askvoll kommune vert vedteke slik det ligg føre

039/26: Tilleggsbevilgning nytt tak Røverompa barnehage**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Askvoll kommunestyre løyver 1 400 000 til prosjekt 1130- barnehage Askvoll sentrum

700 000 vert omdisponert frå prosjekt 1128 Ombygging SIFBO

700 000 vert omdisponert frå prosjekt 1096 Utfasing lysstoffrør kommunale bygg

27.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Korrigerings i vedtakstekst: Askvoll formannskap, ikkje Askvoll kommunestyre

Røysting:

Vedteke mot ei røyst (Grane, Krf)

FOR- 039/26 Vedtak:

Askvoll formannskap løyver 1 400 000 til prosjekt 1130- barnehage Askvoll sentrum
700 000 vert omdisponert frå prosjekt 1128 Ombygging SIFBO
700 000 vert omdisponert frå prosjekt 1096 Utfasing lysstoffrør kommunale bygg

040/26: Korrigerings - gebyr oppretting av grunneigedom og festegrunn**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrunn 501 -2000m2 vert sett til kr 30 240,00

27.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

FOR- 040/26 Vedtak:

Gebyr for oppretting av grunneigedom og festegrunn 501 -2000m2 vert sett til kr 30 240,00

041/26: Sunnfjord miljøverk - Handtering av kommunalt næringsavfall og slam**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Askvoll kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3-2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar fell bort.

Det vert inngått ny tenestekontrakt mellom Askvoll kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Askvoll kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre. Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil nye avtaler for kommunalt avfall er inngått. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 19.06.2025, jf. § 5".

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Anja Grov Johnsen stilte spørsmål om ugildskap, då ho er i styret i SUM. Ho vart kjend ugild, ingen møtte i hennar stad

Røysting - samrøystes

FOR- 041/26 Vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Askvoll kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3-2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar fell bort.

Det vert inngått ny tenestekontrakt mellom Askvoll kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Askvoll kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre. Tildelte einerettar frå eigarkommunane til SUM for innsamling og handsaming av kommunalt avfall er likevel gjeldande inntil nye avtaler for kommunalt avfall er inngått. Desse einerettane er skildra i selskapsavtale datert 01.01.2020, sist revidert 19.06.2025, jf. § 5".

042/26: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar og arealdelen av kommuneplanen til utdjuping/utviding av farlei til akvakulturanlegg på Gjørøyna i Bulandet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det i samsvar med søknad, datert 05.01.26, gjeve dispensasjon frå føresegnene til detaljregulering for Engelvågen pkt 2.8.1, 2.8.2 og 6.2.1, frå føremålet ferdsel og LNF-føremålet herunder byggegrensa mot sjø i detaljregulering for Søre Gjørøy og frå føremålet bruk- og vern av sjø, førmålet fiske (låssettingsplass) og LNF-føremålet i strandsona i arealdelen av kommuneplanen. Grunngeving går fram av vurderinga. Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- Sprenging og mudring skal ikkje gå føre seg i gyte- og oppvekstperioden for torsk
- Det skal nyttast tilstrekkelege avbøtande tiltak for å hindre spreining av sediment, plast, framande artar og anna forureining

- Tiltakshavar må varsle Sør-Norges fiskarlag og Norges Sildesalgslag i forkant av anleggsarbeida
- Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 042/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det i samsvar med søknad, datert 05.01.26, gjeve dispensasjon frå føresegnene til detaljregulering for Engelvågen pkt 2.8.1, 2.8.2 og 6.2.1, frå føremålet ferdsl i detaljregulering for Søre Gjørøy og frå føremålet bruk- og vern av sjø, førmålet fiske (låssettingsplass) i arealdelen av kommuneplanen. Grunngeving går fram av vurderinga.

Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- Sprenging og mudring skal ikkje gå føre seg i gyte- og oppvekstperioden for torsk
- Det skal nyttast tilstrekkelege avbøtande tiltak for å hindre spreining av sediment, plast, framande artar og anna forureining
- Tiltakshavar må varsle Sør-Norges fiskarlag og Norges Sildesalgslag i forkant av anleggsarbeida
- Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

043/26: Klage på vedtak i sak dfor 093/25 - endring av løyve til oppføring av naust på gbnr 13/2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet held fast på vedtaket dfor i 093/25. Klaga vert ikkje teken til følge.

27.04.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 043/26 Vedtak:

Formannskapet held fast på vedtaket dfor i 093/25. Klaga vert ikkje teken til følgje.

044/26: Klage på vedtak i sak FOR031/26 om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til oppføring av naust og utlegging av flytebrygge, gbnr. 64/47**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet held på fast på vedtak i sak FOR031/26. Klage vert ikkje teken til følgje. I medhald av § 42 i forvaltningslova vert det fatta vedtak om utsett iverksetjing til endeleg vedtak ligg føre

27.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

FOR- 044/26 Vedtak:

Formannskapet held fast på vedtak i sak FOR031/26. Klage vert ikkje teken til følgje. I medhald av § 42 i forvaltningslova vert det fatta vedtak om utsett iverksetjing til endeleg vedtak ligg føre

045/26: Formannskapet si evaluering av den politiske organiseringa**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding

27.04.2026 Formannskapet**Handsaming:**

Utsettingsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H

Saka vert utsett

Røysting - samrøystes

FOR- 045/26 Vedtak:
Saka vert utsett